



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143  
Gudrun E. Stefansdottir, 5557 2385

Vår dato  
27.10.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/12819  
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,  
Postboks 8112 Dep.,  
0032 OSLO

### Tilskot ved skjøn for 2014 - fordeling resten av ramma

I brevet vårt av 03. september d.å. til departementet er kr. 16,7 mill. fordelt som prosjekt-skjønn til fornyings- og utviklingstiltak i kommunane. Fordelinga blei gjort av den attståande skjønnsramma på kr. 23,7 mill. for 2014. Det står difor no att kr. 7,0 mill. av Fylkesmannen si skjønnsramme for i år. Vi vil fordela denne attståande skjønnsramma til føremåla by- og tettstadsutvikling (a) og til generell fordeling (b).

#### **a) Fordeling av attståande ramme 2014 til by- og tettstadsutvikling, kr. 4,93 mill.**

Fylkesmannen skal ha ei pådrivar- og rettleiarrolle innan by- og tettstadsutvikling. Fylkesmannen har difor tidlegare i år invitert kommunane til å søkje om prosjektskjøn retta mot by- og tettstadsutvikling. Fordelinga av midlar i denne samanheng byggjer på søknader frå kommunane.

#### Bergen kommune (kommunennummer 1201)

Kommunen er i gang med rullering av kommuneplanen sin arealdel. Det er viktig at grøntstrukturar inngår i dette arbeidet og at dette blir registrert i kartgrunnlaget.

Kommunen sine egne bygningar og lokale bør nyttast på ein god og effektiv måte for publikum. Digitale tenester kan bidra til å gjere kommunen sine egne lokalar meir tilgjengelege for publikum. Målgruppene må vere alle aldersgrupper i samfunnet med målsetjing om god folkehelse.

Tilskot kr. 800.000,-.

#### Etnes kommune (kommunennummer 1211)

Det er positivt at kommunen førebur seg på at europaveg E134 vil bli lagt utanom sentrum. Kommunen si målsetjing er å gjere Etnesjøen til eit levande og attraktivt sentrum for handel, arbeid og fritid.

Tilskot kr. 150.000,-.

#### Odda kommune (kommunennummer 1228)

Kommunen har i ei tid arbeidd med utvikling av Smelteverkstomta. Tomta er sentrumsnær og vil over tid få endra arealbruk. Det er positivt at kommunen vil setje i gang tiltak med omsyn til dei ulike kvalitetane i området.

Kommunen ynskjer å leggje til rette for utvikling i Røldal, bl.a. på bakgrunn av omlegging av gjennomgangstrafikken i området. Prosjekt Røldal har som ei av hovudmålsetjingane å auka bukvaliteten i området, også med sikte på nyetableringar og lokal næringsutvikling.

Tilskot kr. 500.000,-.

Granvin kommune (kommunenummer 1234)

Kommunen har søkt om prosjektskjøn til «Trebygda Granvin - Skape framtidens trebygd». Hovudmålsetjinga er utvikling av bustader og næringsaktivitet. Prosjektet tek sikte på innovasjon og miljøvennlege løysingar med trebygg. Flaumsikring av Granvinselva, utvikling av grøntområde, leikeareal og gang- og sykkelstiar inngår også i prosjektet.

Tilskot kr. 250.000,-.

Voss kommune (kommunenummer 1235)

Kommunen arbeider med utvikling av sentrum, inkludert Vangen, på bakgrunn av omlegginga av trafikken på E16 med etablering av Vangstunnellen. Det potensialet som sentrum har, blir vektlagt. Planane for sentrumsutvikling bør også omfatta unytta plassar, ledige tomter, torg, bakrom og gardsrom.

Tilskot kr. 500.000,-.

Kvam herad (kommunenummer 1238)

Kommunen har utvikla gode bygder med langsiktige arealstrategiar. Kommunen har motteke både Tettstadsprisen 2000 og Statens pris for attraktiv stad i 2013 for arbeidet med sentrumsutvikling i Norheimsund. Kommunen ynskjer å halde fram den gode tettstadsutviklinga med sikte på ei berekraftig utvikling.

Tilskot kr. 100.000,-.

Os kommune (kommunenummer 1243)

Os sentrum står føre store utfordringar med omsyn til sentrumsutvikling. Det er positivt at kommunen ynskjer å registrera snarvegar og ferdsselsvegar. Fylkesmannen vil tilrå at dette blir innarbeidd i kart og føresegner.

Tilskot kr. 660.000,-.

Fjell kommune (kommunenummer 1246)

Det er positivt at kommunen i større grad vektlegg samhandling og medverknad i planarbeidet. Fylkesmannen ynskjer nettopp at kommunane skal vektleggje medverknad i planarbeidet. Det er venta stor folkevekst i kommunen i dei næraste åra, og kommunen har starta opp fleire områdereuleringsplanar med sikte på bustadfortetting og sentrumsutvikling.

Tilskot kr. 800.000,-.

Askøy kommune (kommunenummer 1247)

Kommunen har sett i verk fleire tiltak for å møte den store folkeveksten. Områdereuleringsplan for Kleppstø sentrum legg opp til fortetting, mindre behov for bilkjøring og betre

kombinasjon mellom næringsaktivitet og bustader. Det er positivt at kommunen legg vekt på by- og tettstadsutvikling og vil utarbeida eit kvalitetsprogram for Kleppestø sentrum.

Tilskot kr. 400.000,-.

Lindås kommune (kommunenummer 1263)

Det er i Knarvik sentrum behov for å leggje meir til rette for dei mjuke trafikantane. Det vil blant anna vere områda ved kyrkja, idrettshall, skule og kollektivknutepunkt. I samband med ny områdereguleringsplan for Knarvik sentrum bør også snarvegar og gangvegar bli vektlagt.

Tilskot kr. 400.000,-.

Austrheim kommune (kommunenummer 1264)

Kommunen søker om skjønsmidlar til etablering av kaifront og torg i Kystlandsbyen. Det vil vere positivt for Austrheim kommunesentrum at ny kaifront og torg blir lagt betre til rette for publikum. Det er viktig å målretta arbeidet slik at tiltaka kan la seg gjennomføra på kort sikt og på ein enkel og god måte.

Tilskot kr. 370.000,-.

**b) Generell fordeling, kr.2,07 mill.**

Fitjar kommune (kommunenummer 1222)

Kommunen har svikt i skatteinngangen i år. Utviklinga er vesentleg svakare enn for landsgjennomsnittet.

Kommunen viser til at den har ein vesentleg auke i kostnadene til barnevern. Kommunen deltek i interkommunalt barnevernssamarbeid for Sunnhordland, og dette faglege samarbeidet er viktig. Kommunen viser også til stor kostnadsauke i økonomisk sosialhjelp.

Kommunen har relativt mange ressurskrevjande tenestemottakarar og viser til aukande kommunale kostnader i denne samanhengen. Det er også vist til at kommunen har tapt rammetilskot dei siste par åra som følgje av manglande registrering av barn i folkeregisteret.

Tilskot kr. 300.000,-.

Samnanger kommune (kommunenummer 1242)

Kommunen har inngått samarbeid med Bergen kommune som inneber at brannsjefen i Bergen også er brannsjef i Samnanger. Samarbeidet er inngått av faglege grunnar. For Samnanger kommune fører dette mellombels til høgare utgifter, som følgje av ekstra arbeid knytt til omlegging og nye prosedyrar m.m.

Tilskot kr. 250.000,-.

Askøy kommune (kommunenummer 1247)

Kommunen har mange ressurskrevjande tenestemottakarar. Kommunen har i år eit relativt stort inntektstap som har samanheng med at tilskotsordninga er avgrensa til ressurskrevjande

mottakarar til og med det året dei vert 67 år. Skjønstilskot i samband med dette inntektstapet blir berre gitt for i år.

Tilskot kr. 500.000,-.

Osterøy kommune (kommunennummer 1253)

Kommunen har generelt svak økonomi og har framleis eit relativt stort akkumulert rekneskapsunderskot. Kommunen er difor framleis registrert i Robek - registeret.

Tilskot kr. 370.000,-.

Austrheim kommune (kommunennummer 1264)

Kommunen har opplyst at den har store ekstra kostnader til ressurskrevjande elevar og minoritetsspråklege elevar i skulane. Det er også vist til at kommunen har høge kostnader til ekstra bemanning i barnehagane for barn med særlege behov.

Småkommunetilskotet blei ikkje vidareført frå 2013 til 2014. Det kjem ikkje tilbake for 2015.

Tilskot kr. 300.000,-.

Fedje kommune (kommunennummer 1265)

Kommunen har særskilte utfordringar med å oppretthalde folketalet. Det er særleg viktig å oppretthalde arbeidsplassar lokalt i kommunen. Kommunen gjennomfører fleire tiltak med overordna mål om å oppretthalde busetnaden og folketalet.

Tilskot kr. 350.000,-.

**Samla fordeling av attståande ramme kr. 7,0 mill.**

Dette gir følgjande fordeling av resten av skjønsmidlane for 2014 mellom kommunane :

Bergen kommune	(kommunennummer 1201),	tilskot kr. 800.000,-
Etne kommune	(kommunennummer 1211),	tilskot kr. 150.000,-
Fitjar kommune	(kommunennummer 1222),	tilskot kr. 300.000,-
Odda kommune	(kommunennummer 1228),	tilskot kr. 500.000,-
Granvin kommune	(kommunennummer 1234),	tilskot kr. 250.000,-
Voss kommune	(kommunennummer 1235),	tilskot kr. 500.000,-
Kvam kommune	(kommunennummer 1238),	tilskot kr. 100.000,-
Samnanger herad	(kommunennummer 1242),	tilskot kr. 250.000,-
Os kommune	(kommunennummer 1243),	tilskot kr. 660.000,-
Fjell kommune	(kommunennummer 1246),	tilskot kr. 800.000,-
Askøy kommune	(kommunennummer 1247),	tilskot kr. 900.000,-
Osterøy kommune	(kommunennummer 1253),	tilskot kr. 370.000,-
Lindås kommune	(kommunennummer 1263),	tilskot kr. 400.000,-
Austrheim kommune	(kommunennummer 1264),	tilskot kr. 670.000,-
Fedje kommune	(kommunennummer 1265),	tilskot kr. 350.000,-

**Sum**

**tilskot kr. 7,0 mill.**

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Else-Kristin Foss Vikenes  
avdelingsdirektør

Gjenpart:

Kommunane Bergen, Etne, Fitjar, Odda, Granvin, Voss, Kvam, Samnanger, Os, Fjell, Askøy,  
Osterøy, Lindås, Austrheim, Fedje

Sigmund Engdal, Kommunenes sentralforbund, Pb.1378 Vika, 0114 Oslo.

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*